

## Finansutvalet 17.10.2016, kl. 17.00

### Scandic Sunnfjord Hotel og Spa, Førde

## Budsjett/økonomiplan 2017-2020 - Arbeidsdokument 5/16

I dette arbeidsdokumentet vert dei økonomiske verknadane av statsbudsjettet presentert.

### 1 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 28.9.2016

Møteboka følgjer arbeidsdokumentet som [vedlegg 1](#).

#### Tilråding

Møtebok frå møtet i finansutvalet 28.09.2016 vert godkjent slik den ligg føre i [vedlegg 1](#).

### 2 ØKONOMISKE VERKNADER ETTER FRAMLEGG TIL STATSBUJSJETT FOR 2017

Statsbudsjettet vart lagt fram 6.10.2016. Dei økonomiske konsekvensane for oss syner reduserte inntekter som i hovudsak skuldast:

- Manglande opptrapping av tapskompensasjon, – 22,5 mill. kr
- Reduserte KMD-midlar, – 12,9 mill. kr.

Nedanfor vil fylkesrådmannen vise tilrådde endringar i budsjett/økonomiplan 2017-2020 som følgje av regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett for 2017.

#### 2.1 Skatt og rammetilskot – frie inntekter

I framlegg til statsbudsjett er det lagt til grunn ein realvekst i frie inntekter på 4 075 mill. kr. samla for kommunesektoren. Av dette får fylkeskommunane 450 mill. kr. Dette er ein auke på 150 mill. kr. i høve kommuneproposisjon 2017. Av veksten på 450 mill. kr er 200 mill. kr knytt til opprusting og fornying av fylkesvegar. I kommuneproposisjon 2017 var det varsla at ei «øyremerking» av veksten ville bli vurdert fram mot framlegging av statsbudsjettet.

Det fylkeskommunale skatteøre er uendra på 2,65 %. Dette er sett utifrå ei målsetting om at skatteinntektene skal utgjere 40 % av dei samla inntektene.

Ved berekninga av realvekst er det lagt til grunn ein løns- og prisvekst (kommunal deflator) på 2,5 %

Det er i statsbudsjett 2017 gjort fleire oppdateringar/endringar i kostnadsnøkklane i høve 2016. I hovudsak gjeld dette:

- Oppdatering kriterium «Innbygger busett spredt»
- Tal ferjesamband
- Oppdatering av sektorvektene.

Dette var varsla i kommuneproposisjon 2017, og nokre av dei økonomiske konsekvensane er alt innarbeidd i økonomiplanen vår. Samla gjev desse endringane ei noko mindre utgiftsutjamning i 2017 i høve 2016.

Dei økonomiske verknadane av dette vert for oss ein årleg auke i dei frie inntektene på 19,9 mill. kr. Denne veksten skal m.a. dekke auka utgifter som følgje av nye oppgåver og auka avgifter mv., jf. omtale under.

### Folketalsutvikling

Tal innbyggjarar, både totalt og særskilt for aldersgruppa 16-18 år, har betydning for våre frie inntekter. Fylkesrådmannen vil ut frå oppdaterte folketals- og elevtalsprognosar vurdere ev. økonomiske konsekvensar for budsjett/økonomiplanen. Av tidsomsyn må vi få kome attende til dette i neste arbeidsdokument.

### Nye oppgåver og utgifter som skal dekkast av dei frie inntektene

Det samla nivået på frie inntekter for 2017 skal gje rom for auka utgifter knytt til følgjande område:

- Lærlingtilskot
- Utvida rett til vidaregåande opplæring for innvandrarakar
- Fagskulen
- Auka CO<sub>2</sub>-avgift for båt og ferje
- Auka løyving til opprusting av fylkesvegar og prisjustering av løyvinga til tunnelsikring.

Fylkesrådmannen legg opp til at sektorane vert kompensert tilsvarande auken i rammetilskot for kunne møte utgiftsauken på desse områda. Under følgjer ein kort omtale av punkta.

#### *Opplæring*

Endringa knytt til lærlingtilskot er heilårseffekten i 2017 av auken på 2500 kr per lærekontrakt som vart vedteken i revidert nasjonalbudsjett 2016. Vidare har regjeringa føreslått å endre opplæringslova, slik at innvandrarakar får utvida rett til vidaregåande opplæring. Auken i rammetilskot knytt til dette utgjer høvesvis 0,8 mill. kr og 1,4 mill. kr. Det statlege tilskotet til Fagskulen vår er auka med nominelt 2,8 mill. kr frå 2016-17.

#### *Samferdsle*

I statsbudsjettet er det føreslått å auke CO<sub>2</sub>-avgifta for båt og ferje. Dette medfører at vi vil få auka utgifter i kontraktane våre. Det er lagt inn ein kompensasjon i rammetilskotet på høvesvis 0,4 mill. kr og 0,6 mill. kr i 2017 for å møte denne auken.

Løyvinga til opprusting og fornying av fylkesvegar er for landet auka med 200 mill. kr frå 2016-17. Vår del av denne auken er basert på registrert forfall på fylkesvegane (7,2%). Dette gjev oss ei auka løyving på 14,8 mill. kr inkl. prisjustering til 2017-kr. Vidare er midlane til tunnelsikring prisjustert med 1,7 mill. kr til 2017-kr.

### Tapskompensasjon

I økonomiplanen er det lagt til grunn ei opptrapping av tapskompensasjonen med 22,5 mill. kr frå 2017 aukande til 67,5 mill. kr. i 2019. Ei slik opptrapping ligg ikkje inne i framlegget til statsbudsjett for 2017. Fylkesrådmannen vil som følgje av dette tilrå å redusere tapskompensasjonen med 22,5 mill. kr årleg. Eg legg vidare til grunn at opptrappinga vert utsett med 1 – eitt år – slik at den budsjetterte opptrappinga for åra 2018/2019 framleis er innarbeidd i økonomiplanen. Eg viser elles til nærare omtale under pkt. 2.2 under.

Som kjent har leiinga i fylkeskommunen nyleg tek opp spørsmålet om ei vidare opptrapping av tapskompensasjonen med den politiske leiinga i KMD. Fylkesrådmannen vurderer det slik at dette arbeidet no bør vidareførast inn mot Stortinget.

### Samla økonomiske konsekvensar

Dei økonomiske konsekvensane av fylkesrådmannen si tilråding i dette punktet vert vist i tabellen nedanfor.

	2017	2018	2019	2020
<b>Balanse etter FT-sak 26/16 Økonomiplan 2016-19</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>	<b>0,0</b>
<b>Ubalanse etter a-dok 4:</b>	<b>-19,8</b>	<b>-7,0</b>	<b>-28,6</b>	<b>-55,5</b>
<u>Frie inntekter</u>				
Endring i rammetilskot	-40,9	-40,9	-40,9	-40,9
Endring i skatteanslag	-35,8	-35,8	-35,8	-35,8
Løns- og prisvekst - omrekning av kroneverdi	56,8	56,8	56,8	56,8
Samferdsle - auka CO <sub>2</sub> -avgift - båt	0,4	0,4	0,4	0,4
Samferdsle - auka CO <sub>2</sub> -avgift - ferje	0,6	0,6	0,6	0,6
Samferdsle - auka løyving til vegvedlikehald	14,8	14,8	14,8	14,8
Samferdsle - auka løyving til tunnelsikring	1,7	1,7	1,7	1,7
Opplæring - auka løyving til lærlingtilskot	0,8	0,8	0,8	0,8
Opplæring - auka løyving utvida rett til vgo. for innvandrarak	1,4	1,4	1,4	1,4
Opplæring - auka statleg løyving til Fagskulen	2,8	2,8	2,8	2,8
Ikkje auka tapskompensasjon	22,5	22,5	22,5	22,5
<b>Ubalanse etter endring i frie inntekter:</b>	<b>5,3</b>	<b>18,2</b>	<b>-3,4</b>	<b>-30,4</b>

### Tilråding

Dei samla økonomiske konsekvensane som følgje av framlegg til statsbudsjett for 2017, skissert i pkt. 2.1, vert innarbeidd i budsjett 2017/økonomiplan 2017-2020.

## 2.2 Distrikts- og regionalpolitikk (KMD-midlar)

I framlegg til statsbudsjett er det på programkategorien 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk sett av 1,46 mrd. kr, ein reduksjon på om lag 400 mill. kr frå 2016. Midlane er omprioritert med 200 mill. kr til auka satsing på fylkesveggar og 200 mill. kr til andre næringspolitiske tiltak. Måla for programkategori 13.50 er endra for 2017, der det no vert lagt vekt på økonomisk omstillingsevne. Dette inneber ei prioritering av bedrifts- og næringsretta tiltak.

Ordninga med kompensasjon for høg arbeidsgjevaravgift (INU-midlar) vert foreslått avvikla frå 2017. Det er tidlegare varsla at ordninga skulle avviklast gradvis fram mot 2018. Dette er midlar som vert forvalta av styret i INU-FSF. I 2016 vart Sogn og Fjordane kompensert med 22,2 mill. kr.

Vidare er den statlege breibandsatsinga via Nkom (Nasjonal kommunikasjonsmyndighet) redusert frå 126,5 mill. kr i 2016 til 93,7 mill. kr i 2017. Dette er midlar som det må søkast om å få til ulike breiband-utbyggingar.

Av dei avsette midlane på programkategorien 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk viser regjeringa si førebelse fordeling at Sogn og fjordane fylkeskommune vert tildelt 58 mill. kr i 2017. Dette er ein reduksjon på 12,9 mill. kr i høve våre budsjettføresetnader.

Tidlegare år har reduserte KMD-midlar i utgangspunktet ført til reduserte sektorrammer. Fylkesrådmannen vil følgje same praksis no, og tilrår at sektorrammene i utgangspunktet vert redusert med samla 12,9 mill. kr.

Til no har bruken av KMD-midlar vore fordelt mellom sektoren næring/kultur og fylkeskommunen sitt planarbeid på programområde 715 Lokal og regional utvikling. Programområde 715 er ein del av sektoren politisk styring, plan og forvaltning. Fylkesrådmannen vurderer det slik at dei nye retningslinene for bruk av KMD-midlane frå 2017 ikkje lenger gjer det mogleg å nytte desse til planarbeid. Dette må difor føre til ei endring i bruken av både KMD-midlane og eigne fylkeskommunale midlar på dei to områda. Fylkesrådmannen vil nedanfor skissere ei ny fordeling av KMD-midlane, samt økonomiplanrammene, på dei to områda.

### Programområde 715 Lokal og regional utvikling

Programområdet har eit budsjett på 8,3 mill. kr ekskl. administrative utgifter for åra 2017-20. Av dette er 6,4 mill. kr føresetta finansiert av KMD-midlar. Når dette ikkje lenger er mogleg, må programområdet bli tilført 6,4 mill. kr i driftsmidlar viss løyvningsnivået ikkje skal reduserast.

Fylkesrådmannen vurderer det som lite aktuelt å omdisponere fylkeskommunale driftsmidler frå sektoren næring/kultur. Like eins vert det ikkje tilrådd at andre sektorar skal få rammereduksjonar som følgje av dette. Ei innsparing på 6,4 mill. kr på programområdet 715 er heller ikkje tilrådeleg.

Etter ei samla vurdering vil fylkesrådmannen tilrå at programområdet 715 Lokal og regional utvikling vert auka med 5,0 mill. kr årleg. Dei resterande 1,4 mill. kr, dvs. ca. 17 % av budsjettet, vert tilrådd som eit innsparingskrav på programområdet.

### Sektoren næring og kultur

Innafor sektoren næring/kultur vert KMD-mildar nytta innfor to programområde:

- 701 Tilrettelegging og støttefunksjonar for næringslivet
- 716 Friluftsliv, vassregionstyresmakt og forvaltning av vilt og innlandsfisk.

Desse to programområda har eit budsjett ekskl. administrative utgifter på 80,8 mill. kr i 2017 og 74,7 mill. kr for åra 2018-20. Ved å nytte alle tildelte KMD-midler samt føresette nivå på fylkeskommunale driftsmidler vil vi på desse to programområda samla få ein reduksjon på 6,5 mill. kr årleg. Når regjeringa har valt å redusere KMD-midlane meiner fylkesrådmannen at dette må få konsekvensar også for den fylkeskommunale satsinga innanfor næringsutvikling, og vil tilrå at reduksjonen på 6,5 mill. kr vert eit innsparingskrav på denne sektoren (dvs. ca. 8 %).

### Samla rammereduksjon

Med den tilrådde løysinga vert samla rammereduksjon endra frå 12,9 mill. kr til 7,9 mill. kr. Dette er 5 mill. kr lågare enn det regjeringa legg opp til. Med den økonomiske ubalansen vi no ser meiner fylkesrådmannen at det ikkje er tilrådeleg å kompensere rammene meir enn med 5 mill. kr. Vår økonomiske situasjon vil endre seg dersom opptrapping av tapskompensasjonen vert forhandla inn som ein del av budsjettforliket. Viss vi får auka tapskompensasjonen også for 2017, vil fylkesrådmannen i utgangspunktet vere positiv til å reversere heile innsparingskravet på 7,9 mill. kr.

Budsjettforhandlingane vil truleg ikkje vere ferdig før finansutvalet har lagt fram sitt framlegg til budsjett 2017/økonomiplan 2017-20. Rammereduksjonen på 7,9 mill. kr bør såleis innarbeidast i finansutvalet sitt budsjettframlegg. Fylkesrådmannen vil i neste arbeidsdokument (finansutvalet 2.11.16) presentere si tilråding til innsparingstiltak på næring og kultur, og på programområde 715 Lokal og regional utvikling.

Dei økonomiske konsekvensane av fylkesrådmannen si tilråding i dette punktet vert vist i tabellen nedanfor.

	2017	2018	2019	2020
<b>Ubalanse etter endring i frie inntekter:</b>	<b>5,3</b>	<b>18,2</b>	<b>-3,4</b>	<b>-30,4</b>
<u>KMD-midler</u>				
Endring i KMD-midler	12,9	12,9	12,9	12,9
Rammereduksjon plan/NKA	-12,9	-12,9	-12,9	-12,9
Auka løyving til plan	5,0	5,0	5,0	5,0
<b>Ubalanse etter endring i KMD-midler:</b>	<b>10,3</b>	<b>23,2</b>	<b>1,6</b>	<b>-25,4</b>

### Tilråding

Budsjettere inntekter knytt til KMD-midler vert redusert med 12,9 mill. kr.

Finansutvalet legg fylkesrådmannen sitt framlegg til løysing knytt til reduserte KMD-midler til grunn i det vidare budsjettarbeidet. Dei økonomiske konsekvensane vert følgjande:

- Det vert løyvd 5 mill. kr som kompensasjon for manglande statlege inntekter,
- Sektorrammene vert samla redusert med 7,9 mill. kr årleg, fordelt med 6,5 mill. kr på sektoren næring og kultur og 1,4 mill. kr på programområde 715 Lokal og regional utvikling.

## **2.3 Andre rammejusteringar**

### Rentekompensasjon for transporttiltak

I statsbudsjettet er vår rentekompensasjon for transporttiltak fastsett til 9,6 mill. kr i 2017, noko som medfører ein reduksjon på 2,8 mill. kr i høve våre føresetnader. Årsaka til reduksjonen er at rentesatsen er justert ned til 1 %.

### Løns- og prisvekst – omrekning av kroneverdi

Dei frie inntektene skal ta omsyn til ein løns- og prisvekst på 2,5 % (kommunal deflator) frå 2016-17. Av det samla nivået på dei frie inntektene utgjer dette 56,8 mill. kr. Fylkesrådmannen har gjort ei vurdering av behovet for prisomrekning til 2017-kroner og har lagt opp til å nytte 52,2 mill. kr til dette. Det medfører at vi kan «frigjere» 4,6 mill. kr av unytta løns- og prisvekst til saldering av budsjettet.

Dei statlege løyvingane innafor kulturområdet vert i framlegg til statsbudsjett i hovudsak vidareført med prisjustering frå 2016-17. Dette gjeld løyvingane til musea, Sogn og Fjordane teater og Opera Nordfjord. Tilskota til knutepunktfestivalane er det framleis noko uvisse om, men det er signalisert ei vidareføring frå 2016-17. Fylkesrådmannen legg opp til at dei fylkeskommunale løyvingane (inkl. knutepunktfestivalane) også vert prisjusterte.

Dei økonomiske konsekvensane av fylkesrådmannen si tilråding i dette punktet vert vist i tabellen nedanfor.

	2017	2018	2019	2020
<b>Ubalanse etter endring i KMD-midlar:</b>	<b>10,3</b>	<b>23,2</b>	<b>1,6</b>	<b>-25,4</b>
<u>Vurderingar i arbeidsdokument 5/16</u>				
Reduserte inntekter - rentekompensasjon	2,8	2,8	2,8	2,8
Ikkje nytta løns- og prisvekst	-4,6	-4,6	-4,6	-4,6
<b>Ubalanse etter a-dok 5:</b>	<b>8,5</b>	<b>21,4</b>	<b>-0,2</b>	<b>-27,2</b>

### Tilråding

Budsjetterte inntekter til rentekompensasjon for transporttiltak vert redusert med 2,8 mill. kr årleg. Den føresette avsettinga knytt til løns- og prisvekst vert redusert med 4,6 mill. kr årleg.

## **3 FØREBELS SALDERINGSSKISSE**

	2017	2018	2019	2020
<b>Ubalanse etter a-dok 4:</b>	<b>-19,8</b>	<b>-7,0</b>	<b>-28,6</b>	<b>-55,5</b>
<u>Frie inntekter</u>				
Endring i rammetilskot	-40,9	-40,9	-40,9	-40,9
Endring i skatteanslag	-35,8	-35,8	-35,8	-35,8
Løns- og prisvekst - omrekning av kroneverdi	56,8	56,8	56,8	56,8
Samferdsle - auka CO <sub>2</sub> -avgift - båt	0,4	0,4	0,4	0,4
Samferdsle - auka CO <sub>2</sub> -avgift - ferje	0,6	0,6	0,6	0,6
Samferdsle - auka løyving til vegvedlikehald	14,8	14,8	14,8	14,8
Samferdsle - auka løyving til tunnelsikring	1,7	1,7	1,7	1,7
Opplæring - auka løyving til lærlingtilskot	0,8	0,8	0,8	0,8
Opplæring - auka løyving utvida rett til vgo. for innvandrarar	1,4	1,4	1,4	1,4
Opplæring - auka statleg løyving til Fagskulen	2,8	2,8	2,8	2,8
Ikkje auka tapskompensasjon	22,5	22,5	22,5	22,5
<u>KMD-midlar</u>				
Endring i KMD-midlar	12,9	12,9	12,9	12,9
Rammereduksjon plan/NKA	-12,9	-12,9	-12,9	-12,9
Auka løyving til plan	5,0	5,0	5,0	5,0
<u>Vurderingar i arbeidsdokument 5/16</u>				
Reduserte inntekter - rentekompensasjon	2,8	2,8	2,8	2,8
Ikkje nytta løns- og prisvekst	-4,6	-4,6	-4,6	-4,6
<b>Ubalanse etter a-dok 5:</b>	<b>8,5</b>	<b>21,4</b>	<b>-0,2</b>	<b>-27,2</b>

Førebels salderingsskisse viser at vi har eit underskot på 8,5 mill. kr i 2017. Konsekvensane av framlegg til statsbudsjett for 2017 - samt tilrådingane i dette arbeidsdokumentet - har forverra

salderingsbalansen med 28,3 mill. kr. Dette skuldast i hovudssak manglande opptrapping av tapskompensasjonen, samt inndekning av noko av nedgangen i KMD-midlar.

Framlegg til statsbudsjett medfører i tillegg at fylkesrådmannen tilrår ytterlegare innsparingskrav knytt til planarbeid og næringsutvikling, på samla 7,9 mill. kr i 2017.

Utifrå frå våre føresetnader er det økonomiske handlingrommet vorte redusert med samla 36,2 mill. kr. Avviklinga av ordninga knytt til INU-midlane gjev ein ytterlegare reduksjon i dei økonomiske verkemidlane innanfor næringsutvikling i fylket.

I økonomiplanen ligg det førebels eit underskot i 2018 på 21,4 mill. kr, 2019 er om lag i balanse og vi har eit overskot i 2020. Fylkesrådmannen vil minne om at det framleis ligg inne føresetnader om auka tapskompensasjon på 22,5 mill. kr 2018 og 45 mill. kr i 2019-2020 som er svært usikre. For 2018 vil vi ha eit underskot på om lag 44 mill. kr dersom tapskompensasjonen ikkje vert trappa opp som føresett.

For 2020 er det også uvisse knytt til resultatet av den pågåande regionreforma, samt det nye inntektssystemet som er varsla. Desse endringane er ikkje mogleg å ta stilling til på det noverande tidspunkt.

Fylkesrådmannen vil til neste møte i finansutvalet den 2. november kome med framlegg til saldert budsjett 2017/økonomiplan 2017-20.

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

Astrid Lernes  
Kst. Økonomisjef

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Vedlegg:

1. Møtebok frå møtet i finansutvalet 28.9.16

Kopi til:

Fylkestinget  
Fylkesrådmannen si leiargruppe  
Budsjettgruppa

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

**TILRÅDDE VEDTAK I ARBEIDSDOKUMENT 5/16**

**1 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 28.9.2016**

Tilråding

Møtebok frå møtet i finansutvalet 28.09.2016 vert godkjent slik den ligg føre i vedlegg 1.

**2 ØKONOMISKE VERKNADER ETTER FRAMLEGG TIL STATSBUJSJETT 2017**

**2.1 Skatt og rammetilskot – frie inntekter**

Tilråding

Dei samla økonomiske konsekvensane som følgje av framlegg til statsbudsjett for 2017, skissert i pkt. 2.1, vert innarbeidd i budsjett 2017/økonomiplan 2017-20.

**2.2 Distrikts- og regionalpolitikk (KMD-midlar)**

Tilråding

Budsjettere inntekter knytt til KMD-midlar vert redusert med 12,9 mill. kr.

Finansutvalet legg fylkesrådmannen sitt framlegg til løysing knytt til reduserte KMD-midlar til grunn i det vidare budsjettarbeidet. Dei økonomiske konsekvensane vert følgjande:

- Det vert løyvd 5 mill. kr som kompensasjon for manglande statlege inntekter,
- Sektorrammene vert samla redusert med 7,9 mill. kr årleg, fordelt med 6,5 mill. kr på sektoren næring og kultur og 1,4 mill. kr på programområde 715 Lokal og regional utvikling.

### **2.3 Andre rammejusteringar**

#### Tilråding

Budsjetterte inntekter til rentekompensasjon for transporttiltak vert redusert med 2,8 mill. kr årleg.

Den føresette avsettinga knytt til løns- og prisvekst vert redusert med 4,6 mill. kr årleg.

### **3 FØREBELS SALDERINGSKISSE**

Punkt 3: Utan tilråding

::: [Sett inn innstillingen over denne linja ↑](#)